

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FE-614, TI-&46	18/23

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
062/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Brannstasjon på Mo

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å oppgradere eksisterende brannstasjon på Mo. Modalen kommune inngår kontrakt med totalentreprenør O.L. Kythe AS som hadde det rimlegaste tilbudet i anbuds konkurransen. Budsjettkostnad på 12.700.000,- inkl.mva. Byggefase vil ha oppstart i desember 2019 og ferdigstillast fyrste halvår 2020.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Syner til sak 038/2019 sjå vedlegg
Kalkyle 16.11.2018.vedlegg 1.
Skisseprosjekt brannstasjon vedlegg 2.

Vurdering

Følgjande framdriftsplan er lagt til grunn:

- Oppstartsmøte - Gjennomført
- Programmering og skissefase - Gjennomført
- Presentasjon av skisseprosjekt i kommunestyret - Gjennomført
- Avklaring med brukarar og Modalen kommune - Gjennomført
- Ferdigstilling av løysingar, kostnadskalkyle - Gjennomført
- Søknad om rammeløyve - Gjennomført
- Utarbeiding av tilbods dokumentasjon for Merzell - Gjennomført
- Gjennomgang av dokumentasjon Modalen kommune - Gjennomført
- Utlysning på Merzell - Gjennomført
- Evaluering av innkomne tilbod - Gjennomført
- Godkjenning Modalen kommune – avhengig av politisk vedtak - Står att

- Inngåing av kontrakt med totalentreprenør - Står att
- Byggefase - Står att
- Ferdigstilling - Står att

I prosjektet er styringsgruppa samansatt av følgjande personar:

Tone Selmer Skuggevik	Modalen kommune
Kjell Langeland	Modalen kommune
Karl Johannes Romarheim	Brannsjef, NHBR (Norhordland brann og redning)
Steinar Barmen	Prosjektleder og arkitekt, Forum Arkitekter AS

Styringsgruppa har hatt jamnlege møter og forslaget til løysing er forankra i gruppa. Vedlagt plan- snitt og fasadeteikningar er utarbeid i samarbeid med brannvesenet og Arbeidstilsynet. Sjå vedlagte teikningar(vedlegg 3 -5)

Løysingane er forankra og godkjende av:

- Verneombod/hovedtilitsvalgt (vedlegg 6)
- AMU i Modalen kommune (vedlegg 7)
- Arbeidstilsynet Vestlandet (vedlegg 8)
- Modalen kommune – rammeløyve (Vedlegg 9)

Forum Arkitekter AS har utarbeida eit totalentreprisegrunnlag for prising. Dette vart lagt ut på Merzell og ved anbodfrist var det kome inn 2 stk tilbod frå entreprenørar:

- | | |
|----------------------------------|----------------------------|
| 1. Reknes Byggevarer L/L, Lindås | kr. 17.819.520,- inkl.mva |
| 2. O.L. Kythe AS, Voss | kr. 13.053.338,- inkl. mva |

Det vart inkalla til forhandlingsmøte med O.L. Kythe AS.

Etter diverse avklaringar kom det eit justert tilbod frå O.L. Kythe AS på kr. 12.083.670,- inkl. mva. Vedlagt følger også budsjett for alle arbeider inkl. utgifter som allereie er brukt, og som kjem i tillegg til tilbodet frå Kythe AS. Ein har også stipulert generelle kostnader som vil kome på prosjektet. (Vedlegg 10)

O.L. Kythe As har lokale underentreprenørar:

1. AS Betongindustri
2. Knut Farestveit Rør og Sveis

Økonomi:

Investeringsutgift/løyving:

Budsjettert kostnad i 2020	kr 12 700 000 inkl. mva
Budsjettert kostnad i 2020	kr 10 160 000 eks. mva

Finansieringsbehovet vert 10 160 000. Legg til grunn frådrag for mva - utgift gjennom frivillig registrering i MVA – registeret.

Finansieringa er innarbeid slik i budsjett og – økonomiplanframlegget:

Lån 2020	kr 3 500 000
Næringsfond	kr 5 660 000
Disp - fond	kr 1 000 000

Utleige av brannstasjonen til NHBR:

Med leigeinntekt på kr 193 500 (430 m² x kr 450,- = kr 193 500) Dette vil kunne finansiere lånet på 3 500 000.

Konklusjon

Etter rådmannen si vurdering vil ei oppgradering av eksisterande brannstasjon på Mo, gje ei teneleg og framtidretta løysing og vere det rimeligaste alternativet. Rådmannen vil tilrå at kommunestyret godkjenner at kommunen inngår kontrakt med totalentreprenør O.L. Kythe AS.

Kommunestyret - 062/2019

KS - behandling:

Knut Farestveit var ugild i handsaminga av saka, då han har levert inn anbod som underentreprenør av O.L Kyte. Petter Arnesen kom inn som vara under handsaminga av saka.

Prosjektleder Steinar Barmen frå Forum arkitekter orienterte om saka og svara på spørsmål.

Rådmannen orienterte om den føreslegne finansieringa av prosjektet.

Under debatten tok Håvard Engeseth til orde for at prosjektet er for dyrt i høve tidlegare prognosar, og at ein burde gå fleire rundar for å sjå på rimelegare løysingar.

Ordførar tok rådmannen sitt framlegg opp til votering. Framlegget vart vedteke mot to røyster.

Representantane Håvard Engeseth og Robert Helland røysta mot.

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek å oppgradere eksisterande brannstasjon på Mo.

Modalen kommune inngår kontrakt med totalentreprenør O.L. Kythe AS som hadde det rimeligaste tilbodet i anbodskonkurransen. Budsjettkostnad på 12.700.000,- inkl.mva. Byggefase vil ha oppstart

i desember 2019 og ferdigstillast fyrste halvår 2020.

Vedlegg:

Sakspapir Brannstasjon, vedlegg 1-2

Vedlegg 3-10